



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Administrasjonsutvalet

**Møtedato** 16.05.2019

**Møtetid:** Kl. 13:00 - 15:45

**Møtestad:** Kommunehuset

Av 8 medlemmer møtte 8, inkludert varamedlemmer.

| <b>Medlemmer møtte:</b> | <b>Parti/fagforeining:</b> |
|-------------------------|----------------------------|
| Olaug Karin Øystese     | Arbeiderpartiet            |
| Knut Harald Frøland     | Bygdalista                 |
| Oddrun Lemme Sandvin    | Fagforbundet               |
| Odd Arne Haga           | Framstegspartiet           |
| Øyvind Strømmen         | Miljøpartiet Dei Grøne     |
| Monica Tjønna           | Senterpartiet              |
| Hilde Maraas Aarvik     | Utdanningforbundet         |

| <b>Desse medlemene møtte ikkje:</b> | <b>Parti:</b> | <b>I staden møtte:</b> | <b>Parti:</b> |
|-------------------------------------|---------------|------------------------|---------------|
| Tvedterås, Bjørg                    | Fagforbundet  | Heidi Gjerde           | Fagforbundet  |

### Møtenotater:

Andre som var til stades på møtet:

- Anette Følid, leiar løn og personal
- Jan Erik Boge, rådgjevar

|                      |                     |
|----------------------|---------------------|
| <b>Møteleiar:</b>    | Knut Harald Frøland |
| <b>Møtesekretær:</b> | Jan Erik Boge       |

**Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:**

Tysse, 27.05.2019

---

Knut Harald Frøland  
ordførar

---

Jan Erik Boge  
rådgjevar

Desse sakene vart handsama:

## Sakliste

| Sak nr.  | Arkivsak | Sakstittel                    | Merknad |
|----------|----------|-------------------------------|---------|
| 007/2019 | 19/449   | Faste saker                   |         |
| 008/2019 | 19/250   | Revisjon av lønspolitisk plan |         |

## **SAKNR. 007/2019: Faste saker**

### **16.05.2019 Administrasjonsutvalet:**

Handsaming i møtet:

#### Godkjenning av møteinnkalling og sakliste:

Godkjent utan merknader.

#### Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte:

Ingen merknader.

### **Orienteringssaker:**

#### Status for sak om revisjon av personalvedtektene

Rådgjevar Jan Erik Boge viste til vedtak i administrasjonsutvalet 14.03.2019 (sak 003/2019). Han orienterte om at denne saka av kapasitetsmessige årsaker ikkje vil koma opp før hausten 2019. Heidi Gjerde (Fagforbundet) spurde om fagforeiningane vil verta involvert i arbeidet med å laga utkast til reviderte personalvedtekter. Jan Erik Boge stadfesta at fagforeiningane vil få høve til å vera med i dette arbeidet.

#### Status for sak om arbeidstid for kontoradministrasjonen

Rådgjevar Jan Erik Boge viste til vedtak i administrasjonsutvalet 14.03.2019 (sak 004/2019). Han orienterte om at sak om avslutning av den noverande ordninga med ulik arbeidstid i sommar- og vinterhalvåret for kontoradministrasjonen, av kapasitetsmessige årsaker ikkje vil koma opp før hausten 2019.

#### Status omorganisering av administrasjonen

Rådgjevar Jan Erik Boge orienterte om at sak om omorganisering av administrasjonen på kommunehuset vil koma opp i formannskapet 23.05.2019 og kommunestyret 03.06.2019. Rådmannen foreslår å gå vekk frå noverande organisering med sektorleiarar.

### **Utvalet sitt kvarter:**

#### Melding frå administrasjonen om levering av sjukemeldingar

Olaug Karin Øystese (A) viste til ei melding til einingane/tilsette som nyleg vart sendt ut frå administrasjonen på kommunehuset, der det mellom anna vart informert om at tilsette som ikkje leverer sjukemelding innanfor gjeldande tidsfrist vil kunne få løna si stoppa. Ho sa at tilsette i barnehagen har reagert på denne meldinga og på andre pålegg/instruksar som har kome frå administrasjonen. Ho sa vidare at nokon tilsette har brukt omgrepet "nazi-kontor". Ho oppmoda personalkontoret om å innta ei meir positiv haldning/vinkling og ta dei ulike problema meir med det gode, i staden for å vera "bastante" og "harde". Leiar løn og personal Anette Følid orienterte kort om kvifor rådmannen bestemte at det skulle sendast ut melding til einingane/tilsette med informasjon om reglar for innlevering av sjukemelding. Bakgrunnen for dette var at fristen som tilsette etter reglane i folketrygdlova har for å levera sjukemelding til arbeidsgjevar (14 dagar), i nokre tilfelle ikkje vert halden i Samnanger. Dette kan resultera i at kommunen tapar inntekter (ikkje får sjukepengerefusjon frå NAV).

Ordførar Knut Harald Frøland (BI) viste til omgrepet ("nazi-kontor") som Olaug Karin Øystese hadde referert, og påpeika at det ikkje er greitt å bruka slike omgrep i administrasjonsutvalet. Heidi Gjerde (Fagforbundet) orienterte etter dette om at også ho har høyrte ordet "nazi-kontor" brukt.

Fleire av medlemmene i administrasjonsutvalet tok opp at dei trur saka/problemstillingane som

Olaug Karin Øystese tok opp handlar mykje om kommunikasjon, og at dette bør kunne løysast.

Det vart under debatten også peika på at innsending av digitale sjukemeldingar/digitale søknader om sjukepengar kan vera ei utfordring for tilsette som er sjukemelde. Det vart i samband med dette spurt om tilsette kan få tilbod frå arbeidsgjevar om opplæring/informasjon om kva ein må gjera dersom ein vert sjukemeldt (plikter og rettigheter). Det vart også spurt om administrasjonen kan leggja ut brukarrettleiing (for innsending av digital sjukemelding og digital søknad om sjukepengar på NAV sine nettsider) på kommunen sitt intranett. Rådgjevar Jan Erik Boge orienterte i samband med dette om at kommunen for tida ikkje har eit fungerande intranett, og om at det er uklart når dette kjem på plass igjen. Det vart også spurt om NAV har informasjonsmateriell for sjukemelde. Administrasjonen vil undersøkje dette.

Olaug Karin Øystese viste til at det er høgt sjukefråvær i barnehagane og at kommunen har fått midlar frå Kommunal Landspensjonkasse (KLP) til eit sjukefråværsprosjekt i barnehagane, men at ho ikkje har sett særlege resultat av dette. Leiar løn og personal Anette Følid orienterte kort om KLP-prosjektet og om kva det er brukt prosjektmidlar til (mellom anna fagopplæring, ergonomisk utstyr, benkar og personalmøter).

Under debatten vart også mellom anna følgjande diskutert:

- Kommunikasjon mellom administrasjonen og einingane/tilsette - strategi/moglege forbetringstiltak?
- Rutinar for påskjønning av tilsette (for eksempel til jul)

#### Spørsmål om avspasering for tilsette som har møtt på jobb

Heidi Gjerde (Fagforbundet) tok opp at ho har fått reaksjonar på at tilsette som har møtt på jobb, skal ha blitt bedt om å avspasera fordi det ikkje er behov for dei på arbeidsplassen denne dagen. Leiar løn og personal Anette Følid svarte at dette ikkje er tilfelle, og ikkje har blitt sagt av tilsette ved løns- og personalkontoret. Ho sa også at det ikkje er gjort endringar i forhold til rutine rundt avspasering, men at det vil koma retningslinjer på dette i løpet av året.

#### Opningstidene ved sørvissenteret

Odd Arne Haga (Frp) viste til at sørvissenteret på kommunehuset reduserte opningstidene sine i fjor, og at han har fått reaksjonar på dette. Han spurde om det er mogleg å gjera noko med opningstidene. Rådgjevar Jan Erik Boge orienterte kort om bakgrunnen for at opningstidene vart redusert, og om at det er mogleg å sjå på opningstidene på nytt.

#### Involvering av tillitsvalde

Heidi Gjerde (Fagforbundet) viste til ho får mange meldingar frå plasstillitsvalde om at arbeidsgjevar tek avgjerder utan at dei tillitsvalde har vore med i prosessen. Ho understreka at dei tillitsvalde skal takast med i alle prosessar så tidleg som mogleg, jf. reglar i hovudavtalen.

#### System/rutinar for medarbeidarsamtalar

Olaug Øystese (A) spurde om kva system/rutinar kommunen har for medarbeidarsamtalar (kor ofte tilsette skal få tilbod om medarbeidarsamtale, korleis medarbeidarsamtalar vert dokumentert m.m.). Representantane frå administrasjonen kunne ikkje svara på dette i møtet, men vil koma tilbake med informasjon seinare.

Samrøystes vedtak.

#### **ADM- 007/2019 Vedtak:**

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent. Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

### SAKNR. 008/2019: Revisjon av lønspolitisk plan

#### 16.05.2019 Administrasjonsutvalet:

Handsaming i møtet:

Etter den innleiande debatten, sette Hilde Aarvik (Utdanningsforbundet) fram følgjande framlegg:

*Pkt. 7.3.1*

*Parantes til slutt i kapittelet vert fjerna.*

*Setninga som begynner med "I Samnanger..." vert omformulert eller helst fjerna.*

*Pkt 7.3.4.1*

*Under generelle merknader (høgre kolonne):*

*Kompetansetillegget vert regulert i tråd med sentrale lønsoppgjer.*

*Vurdering av relevans må gjerast FØR utdanninga er fullført.*

*(Ikkje noko tak på 35.000 kroner, ikkje naudsynt med forhandling med mindre det er delvis relevant tilleggskompetanse.)*

*Pkt 7.3.6.4*

*Ny tabell:*

| Funksjon                   | LØNSKOMPENSASJON |
|----------------------------|------------------|
| Fag- / læremiddelansvarleg | 10 000           |
| Teamleiar                  | 10 000           |
| Elevrådskontakt            | ?                |
| Kontaktlærer               | 25 000           |
| Spes.ped.koordinator       | 0                |

Administrasjonsutvalet gjekk etter dette gjennom framlegget til Hilde Aarvik, og fekk avklart nokre spørsmål. Dette gjaldt følgjande punkt:

*Pkt 7.3.1 - Lokal minstelønstige for pedagogiske leiarar i barnehage*

Her diskuterte administrasjonsutvalet om det lokale lønstilliget til pedagogiske leiarar skal utbetalast i forhold til stillingsprosenten eller uavhengig av stillingsprosenten. Rådgjevar Jan Erik Boge orienterte om at administrasjonen meiner at dette lønstilliget skal utbetalast i forhold til stillingsprosenten, på

same måte som i dag. Årsaka er at dette ikkje er eit funksjonstillegg, men eit tillegg som er knytt til stillinga/stillingskoden som pedagogisk leiar.

Rådgjevar Jan Erik Boge orienterte også om at administrasjonen ikkje har innvendingar mot at setninga i pkt. 7.3.1 som begynner med "*I Samnanger...*" vert teken vekk.

*Punkt 7.3.4 - tabell/skjematisk oversikt pkt 7.3.4 m/underpunkt*

Representantane frå administrasjonen orienterte om at det ikkje er ønskeleg at lokale lønstillegg vert regulert etter formuleringar som for eksempel "*i tråd med sentrale lønsoppgjjer*". Det har tidlegare vist seg at det er vanskeleg for administrasjonen å vita korleis slike formuleringar skal forståast.

Rådgjevar Jan Erik Boge orienterte om at det i framlegget til revidert lønspolitisk plan allereie står at det så langt som mogleg bør avklarast på førehand om ei utdanning eller eit kurs vil gje kompetansetillegg (siste avsnitt i punkt 7.3.4.1 og 7.3.4.2).

Rådgjevar Jan Erik Boge orienterte om bakgrunnen for at det står i rådmannen sitt framlegg at lønnskompensasjon vert fastsett i forhandlingar eller ved nyttilsetjing. Dette er mellom anna for å sikra at fagforeiningane skal ha ei rolle og moglegheit til å krevja kompetansetillegg for sine medlemmer. Han orienterte også om at praksisen har vore at i tilfelle der det er openbart at ein tilsett bør få kompetansetillegg etter å ha fullført ei utdanning, har arbeidsgjevar gitt kompetansetillegg utan forhandlingar med den tilsette si fagforeining. Administrasjonen ønskjer å halda fram med denne praksisen. Jan Erik Boge foreslo at teksten i tabellen i punkt 7.3.4 vert endra til "*Lønnskompensasjon vert normalt fastsett i forhandlingar eller ved nyttilsetjing*".

*Punkt 7.3.6.4 - Funksjonstillegg for undervisningspersonalet i skulen*

Hilde Aarvik orienterte om at Utdanningsforbundet ønskjer at satsen for funksjonstillegg skal vera 10.000 kroner for alle funksjonar unnateke kontaktlærar.

Utdanningsforbundet meiner og at funksjonstillegg ikkje bør gjevast for oppgåver som den tilsette får avsett tidsressurs/stillingsprosent til, og at dette i dag vil gjelda for spes.ped.koordinator. Ho orienterte også om at Utdanningsforbundet har bedt om møte arbeidsgjevar om måten spes.ped.koordinator-tenesta er organisert på, og om kva type tids-/stillingsressurs som vert brukt til denne oppgåva.

Hilde Aarvik orienterte også om at Utdanningsforbundet meiner at elevrådskontakt bør ha eit funksjonstillegg på 10.000 kroner, men berre viss det er sentrale føringar som tilseier elevrådskontakt skal ha funksjonstillegg.

Etter denne gjennomgangen gjorde Hilde Aarvik nokre justeringar i framlegget sitt, slik at hennar endelege framlegg vart som følgjer:

*Pkt. 7.3.1*

*Setninga som begynner med "I Samnanger..." vert fjerna.*

*Pkt 7.3.4.1*

*Under generelle merknader (høgre kolonne):*

*Ikkje noko tak på 35.000 kroner.*

*Setninga som begynner med "Lønnskompensasjon..." vert endra til "Lønnskompensasjon vert normalt fastsett i forhandlingar eller ved nyttilsetjing."*

Pkt 7.3.6.4

Ny tabell:

| Funksjon                   | LØNSKOMPENSASJON                                |
|----------------------------|-------------------------------------------------|
| Fag- / læremiddelansvarleg | 10 000                                          |
| Teamleiar                  | 10 000                                          |
| Elevrådskontakt            | 10.000 (berre viss sentrale føringar)           |
| Kontaktlærar               | 25 000                                          |
| Spes.ped.koordinator       | 10 000 (dersom det ikkje er avsett tidsressurs) |

Heidi Gjerde (Fagforbundet) sette fram følgjande framlegg:

Pkt. 5.3

*Dei føreslegne endringane i reglane om kva tillegg som skal vera pensjonsgjevande vert fjerna. Ekstra vaktgodtgjersle for helge- og høgtids dagar (helge- og høgtidstillegg etter HTA kapittel 1, § 5.3) skal framleis vera pensjonsgjevane for tilsette som får heimevaktgodtgjersle utbetalt som månadleg tilleggsløn.*

Røysting:

Det vart først røysta punktvis over framlegget til Hilde Aarvik, der kvart punkt vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg:

Pkt. 7.3.1

*Setninga som begynner med "I Samnanger..." vert fjerna.*

Framlegget til endring i punkt 7.3.1 vart vedteke med 7 mot 1 røyst. Odd Arne Haga (Frp) røysta for rådmannen sitt framlegg. Dei andre medlemmene røysta for Hilde Aarvik sitt framlegg.

Pkt 7.3.4.1

*Under generelle merknader (høgre kolonne):*

*Ikkje noko tak på 35.000 kroner.*

*Setninga som begynner med "Lønnskompensasjon..." vert endra til "Lønnskompensasjon vert normalt fastsett i forhandlingar eller ved nyttilsetjing."*

Framlegget til endring i punkt 7.3.4.1 vart vedteke med 7 mot 1 røyst. Odd Arne Haga (Frp) røysta for rådmannen sitt framlegg. Dei andre medlemmene røysta for Hilde Aarvik sitt framlegg.

Pkt. 7.3.6.4

Ny tabell:

| Funksjon                   | LØNSKOMPENSASJON                                |
|----------------------------|-------------------------------------------------|
| Fag- / læremiddelansvarleg | 10 000                                          |
| Teamleiar                  | 10 000                                          |
| Elevrådskontakt            | 10.000 (berre viss sentrale føringar)           |
| Kontaktlærar               | 25 000                                          |
| Spes.ped.koordinator       | 10 000 (dersom det ikkje er avsett tidsressurs) |



Framlegget til endring i punkt 7.3.4.6 vart vedteke med 6 mot 2 røyster. Knut Harald Frøland (BI) og Odd Arne Haga (Frp) røysta for rådmannen sitt framlegg. Dei andre medlemmene røysta for Hilde Aarvik sitt framlegg.

Det vart så røysta over Heidi Gjerde sitt framlegg til endring i punkt 5.3, som vart vedteke med 7 mot 1 røyst. Knut Harald Frøland (BI) røysta for rådmannen sitt framlegg. Dei andre medlemmene røysta for Heidi Gjerde sitt framlegg.

Det vart til slutt røysta over heile rådmannen sitt framlegg, med endringane ovanfor. Med desse endringane vart rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke.

#### **ADM- 008/2019 Vedtak:**

Forslaget til revidert lønspolitisk plan for Samnanger kommune vert vedteke, med følgjande endringar:

##### **Pkt 5.3**

Dei føreslegne endringane i reglane om kva tillegg som skal vera pensjonsgjevande vert fjerna. Ekstra vaktgodtgjersle for helge- og høgtidsdagar (helge- og høgtidstillegg etter HTA kapittel 1, § 5.3) skal framleis vera pensjonsgjevane for tilsette som får heimevaktgodtgjersle utbetalt som månadleg tilleggs løn.

##### **Pkt. 7.3.1**

Setninga som begynner med "I Samnanger..." vert fjerna.

##### **Pkt 7.3.4.1**

Under generelle merknader (høgre kolonne):

Ikkje noko tak på 35.000 kroner.

Setninga som begynner med "Lønnskompensasjon..." vert endra til "Lønnskompensasjon vert normalt fastsett i forhandlingar eller ved nytilsetjing."

##### **Pkt. 7.3.6.4**

*Ny tabell:*

| Funksjon                   | LØNSKOMPENSASJON                                |
|----------------------------|-------------------------------------------------|
| Fag- / læremiddelansvarleg | 10 000                                          |
| Teamleiar                  | 10 000                                          |
| Elevrådskontakt            | 10.000 (berre viss sentrale føringar)           |
| Kontaktlærer               | 25 000                                          |
| Spes.ped.koordinator       | 10 000 (dersom det ikkje er avsett tidsressurs) |

Den reviderte planen gjeld med verknad frå 04.06.2019.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Forslaget til revidert lønspolitisk plan for Samnanger kommune vert vedteke. Den reviderte planen gjeld med verknad frå 04.06.2019.

